



**Arkiv:** FA-K2  
**JournalpostID:** 23/17685  
**Saksbehandlar:** Hanne Marie Utvær  
**Dato:** 24.05.2023

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/086	Stad formannskap	08.06.2023
23/101	Stad kommunestyre	15.06.2023

### Miljøfyrtårnsertifisering av Stad kommune

#### Bakgrunn for saka:

Miljøfyrtårn er eit konkret og effektivt verktøy for miljøsertifisering og miljøleiing, der formålet er å heve miljøprestasjonane i eigen verksemd. Stad kommune vil byrje arbeidet med å sertifisere den kommunale verksemda etter Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. Dette inneber sertifisering av hovudkontoret (Stad rådhus og kommunehuset i Selje) og vidare alle underliggende einingar i kommunen.

Sertifiseringa krev eit systematisk og heilskapleg arbeid med miljø, klima og arbeidsmiljø. Miljøfyrtårnarbeidet skal inngå som ein del av kommunen sitt eksisterande styringssystem, og arbeid med klima og miljø. Gjennom heilskapleg og langsiktig arbeid med miljøleiing, skal kommunen gjennom sine verksemder forbetre sine miljøprestasjonar, redusere klimagassutslepp – og bidra til ein berekraftig kommune.

Årsaka til at denne saka kjem opp no, er at Miljøfyrtårnsertifiseringa er eit krav i høve kommunen si deltaking i Merket for Berekraftig reisemål jf. KS- 22/163 Vedtak: *punkt 1 Stad kommune deltek i det vidare arbeidet med fase 2 for Merket for berekraftig reiseliv, og løyver kr. 162.478,- til ein masterplan for reiseliv i Nordfjord*. Her er det eit krav at kommunen er miljøsertifisert innan 2024. Fire kommunar i Nordfjord samarbeider om sertifiseringa.

Politisk forankring finn vi i KS- 22/091 Vedtak, *punkt 1. Stad kommune skal jobbe strategisk for å nå klimamåla, kor arbeid med ny klimaplan og oppfølging av det årlege klimabudsjettet står sentralt for å nå måla*.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommune skal sertifiserast etter miljøsertifiseringsordninga Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. Arbeidet startar opp hausten 2023.
2. Etter at hovudkontoret er sertifisert, skal alle kommunale einingar også sertifiserast.
3. Kostnaden for 2023 vert dekkja innanfor driftsbudsjettet til sentraladministrasjonen.
4. I god tid før budsjettarbeidet til hausten skal det leggest fram ei sak om ressursbruk og finansiering av sertifisering av alle underliggende einingar i kommunen.

## Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 08.06.2023

1. Stad kommune skal sertifiserast etter miljøsertifiseringsordninga Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. Arbeidet startar opp hausten 2023.
2. Etter at hovudkontoret er sertifisert, skal alle kommunale einingar også sertifiserast.
3. Kostnaden for 2023 vert dekkja innanfor driftsbudsjettet til sentraladministrasjonen.
4. I god tid før budsjettarbeidet til hausten skal det leggjast fram ei sak om ressursbruk og finansiering av sertifisering av alle underliggende einingar i kommunen.

### Stad formannskap 08.06.2023:

#### Handsaming:

#### F- 23/086 Vedtak:

1. Stad kommune skal sertifiserast etter miljøsertifiseringsordninga Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. Arbeidet startar opp hausten 2023.
2. Etter at hovudkontoret er sertifisert, skal alle kommunale einingar også sertifiserast.
3. Kostnaden for 2023 vert dekkja innanfor driftsbudsjettet til sentraladministrasjonen.
4. I god tid før budsjettarbeidet til hausten skal det leggjast fram ei sak om ressursbruk og finansiering av sertifisering av alle underliggende einingar i kommunen.

### Stad kommunestyre 15.06.2023:

#### Handsaming:

#### KS- 23/101 Vedtak:

1. Stad kommune skal sertifiserast etter miljøsertifiseringsordninga Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. Arbeidet startar opp hausten 2023.
2. Etter at hovudkontoret er sertifisert, skal alle kommunale einingar også sertifiserast.
3. Kostnaden for 2023 vert dekkja innanfor driftsbudsjettet til sentraladministrasjonen.
4. I god tid før budsjettarbeidet til hausten skal det leggjast fram ei sak om ressursbruk og finansiering av sertifisering av alle underliggende einingar i kommunen.

#### Saksopplysningar:

##### Forankring:

Miljøsertifisering av hovudkontora i kommunane i Nordfjord er ein føresetnad for *Merkeordninga for berekraftig reisemål Nordfjord*, som Stad kommune har forplikta seg å delta i.

I Stad kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen er eit av delmåla at vi deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse og for å stanse tap av naturmangfald og klimændringar. Desse er vidare utdjupa i fem punkt:

*L. Utvikle samfunnet slik at klimagassutsleppa vert sterkt redusert, arbeide aktivt for klimaomstilling i samfunnet og grøn vekst i næringslivet, og utvikle transportsystem som gjev mobilitet.*

M. Sikre livskraft ved å ta vare på og utvikle verdifulle naturlege og menneskeskapte miljø.

N. Vere pådrivar for å gi innbyggerane moglegheiter til å ta gode klima- og miljøval i kvardagen.

O. Vere i front for overgangen frå fossil til nullutsleppsteknologi på sjø og land, effektiv infrastruktur både i høve til fysisk stadutvikling og grøn mobilitet, og digitalisering som reduserer unødvendig transport.

P. Arbeide aktivt med klimatilpassing for å unngå dei negative konsekvensane av klimaendringane slik at innbyggerar og næringsliv opplever at det er trygt å bu og drive næring og å reise i Stad.

#### Om sertifiseringsordninga:

Miljøfyrtårn er den mest brukte sertifiseringsordninga i Noreg for verksemdar som vil dokumentere miljøinnsatsen sin. Sertifiseringa inneber at kommunen må lage ein plan for arbeidet med miljø og klima, og fastsetje konkrete mål som skal følgjast opp. Som ein del av sertifiseringsarbeidet skal det gjennomførast ei miljøkartlegging. Kartlegginga er eit godt grunnlag for å lage klimarekneskap for kommunen si eige verksemd, og vi kan følgje det opp med årleg rapportering og oppfølging til kommunestyret i tillegg til den pålagde rapporteringa til Stiftelsen Miljøfyrtårn.


Stad kommune ønsker i lag med tre andre Nordfjordkommunane; Bremanger, Gloppen og Stryn, å nytte Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. Å nytte hovudkontormodellen som sertifiseringsløyning sikrar forankring av miljøstyringssystemet i sentraladministrasjonen/ hovudkontoret der ansvaret naturleg høyrer heime. Samstundes må underliggande einingar oppfylle sine miljøkrav, men med færre kriteria å forhalda seg til. På denne måten sikrar vi at alle einingar jobbar kontinuerleg for å redusere sine lokale miljøpåverknader, i samsvar med kommunen sine overordna miljømål.

Det blir viktig å integrere Miljøfyrtårnarbeidet i kommunen sitt eksisterande styringssystem og klimabudsjett. Målet er å unngå dobbeltrapporteringar, og heller sikre ein meir heilskapleg miljøleiing for alle kommunal verksemd.

#### Framdrift:

Ein startar med sertifisering av hovudkontoret (Stad rådhus og kommunehuset i Selje), med mål om at dette er klart til våren 2024. Dei andre einingane kan ein legge opp til å sertifisere seinare, og vi bør få det inn som ein del av budsjettet til hausten.

Fasar i prosjektet:



Etterkvart som Miljøfyrtårn blir implementert, blir arbeidet evaluert årleg, som del av arbeidet med rapportering til klima- og miljørapporten og handlingsplan for neste periode.

Miljøfyrtårn har tilpassa krav for ulike bransjar. Verksemdene må dokumentere og oppfylle både lovbestemte krav og krav pålagd av Miljøfyrtårn si sertifiseringsordning. Krava omfattar energi, avfall, transport, innkjøp og arbeidsmiljø, der aktuelle tema som matsvinn og plast er inkludert. Gjennom årleg rapportering vil vi få tilgang til klima og miljørapportar for alle sertifiserte einingar og statistikk for heile organisasjonen. Resertifisering skjer kvart tredje år.

Kommunedirektøren rår til at sertifiseringa vert gjort dei tre neste åra:

- Våren 2024: Hovudadministrasjonen (Stad rådhus og kommunehuset i Selje)
- Hausten 2024: Skulane og barnehagane

- 2025: *Resten av tenestene i kommunen*
- 2027: *Resertifisering av hovudkontor*

### **Vurdering:**

Klimaendringar er vår tids største utfordring, og behovet for synlege verkemiddel i klimapolitikken er veksande. Miljøfyrtårn er eit konkret og effektivt verktøy for sertifisering og miljøleiing, der føremålet er å heve miljøprestasjonane i eigen verksemd.

Systematisk og heilskapleg arbeid med eigen miljøeffektivitet vil over tid gje redusert klima- og miljøbelastning og spare kostnader. Kommunen har stor påverknadskraft og symboleffekt ovanfor lokalt næringsliv, organisasjonsliv og befolkning. For at vår kommune på ein truverdig måte skal kunne stille krav til leverandørar i samkjøpsavtaler og innkjøp, bør vi ha vår eigen sti rein.

Med tanke på kommunen si samfunnsrolle er kommunen ein pådrivar, den baner veg og stiller krav til vårt næringsliv, samarbeidspartnarar og innbyggjarar. Dette er viktig inn imot det grønne skiftet.

Å inngå i sertifiseringsordninga Miljøfyrtårn, er eit konkret tiltak for å sikre at kommunen følgjer opp målsetjingar i samfunnsdelen av kommuneplanen og tiltak i kommunen sitt eksisterande klimabudsjett. Samstundes som vi sikrar at reiselivsnæringa kan knytte seg til merkeordninga for berekraftig reisemål.

Gjennomføringa av ordninga vil bli organisert som eit prosjekt der målet er å innføre integrert miljøleiing med sertifisering av Stad rådhus og kommunehuset i Selje (hovudkontoret) og etter kvart alle driftseiningar i kommunen. Det er viktig med god forankring i heile kommunen for å oppnå måla med sertifiseringa, og ikkje minst kontinuitet i arbeidet.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ein betalar etableringsgebyr på kr 60 200,- (utgift i 2023), og seinare årleg kostnad på om lag kr 41 000,- til Stiftelsen Miljøfyrtårn. Sertifisering av hovudkontoret våren 2024 er estimert til 26 000,-. Ut over dette kjem det kostnader for sertifisering av andre kommunale einingar, resertifiseringar, internrådgjevarkurs og eventuelt konsulentarbeid om kommunen har behov for dette.

Miljøfyrtårnarbeidet vil også krevje mykje av interne ressursar, særskilt dei første åra før alle einingar er sertifisert og vi har eit godt system for å bruket dette verktøyet for miljøleiing.

Det blir viktig at ein i god tid før budsjettarbeidet til hausten legg fram ei sak om ressursbruk og finansiering av sertifisering av alle underliggande einingar i kommunen.